



Sandakaien på strekninga som vart opprusta sist. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sandakaien skal opprustast og gjerast meir brukarvennleg framfor ein ny båtsesong, opplysar dagleg leiar Bente Nilsen i Nilsen Eigedom til uskedalen.no.**

**Material kom i dag og opprustninga skal i gong - naturleg nok med engasjement av lokale firma som Trelastlageret og Haugland Maskin. Prosjektet vil kosta ein stad mellom 150.000 og 200.000 kroner..**

Kva er det så som skal skje?

For få år sidan vart det laga ny kai av tre frå utanfor gullregnen og ei stykke utover og no er planen å forlenga trekaien heilt rundt. Det blir slege pålar ned i sjøen på heile strekninga, men sjølve kaien blir ikkje så mykje breiare enn i dag. No er kaien skeiv og ikkje så innbydande som den burde vera. Det som blir gjort vil gjera den langt trivelegare og den vil framstå meir som ein einheitleg kai.

- Og kva blir så det neste byggjesteget?

- Det blir opprusting av huset på kaien, men når det vil skje kan eg ikkje seia i dag. Vi tar eit steg om gongen, svarar Bente.

Av Ola Matti Mathisen



Sandakaien sett utanfrå. No vil den bli rusta opp heilt rundt. (Foto: Ola Matti Mathisen)